



Retningslinjer for skulebyte/inntak av elev på annan skule enn den eleven soknar til
(unntaksregelen om fritt skuleval, opplæringslova § 8-1, 3 ledd)

1. Det går frem av opplæringsloven § 13-1 første ledd, at kommunen skal sikra retten til grunnskoleopplæring for barn og unge som er busette i kommunen. Alle elevar har rett til å gå på nærskulen. (Opplæringslova §8-1), og det er ei målsetting at elevar frå same bumiljø går på same skule.
2. Om føresette ønskjer at barnet/den unge skal ha skuleplass på ein annan skule enn nærskulen, må det søkjast til kommunen om dette. Søknaden blir handsama av rådmannen i samsvar med vedtekne retningslinjer i kommunestyret. Søknad om skulebyte for elevar som skal starta på 1.trinn har søknadsfrist 1.02. i det kalenderåret barna skal starta i skulen. Søknadar for elevar på dei andre trinna, blir handsama så snart som muleg etter at søknadar er motteken.
3. Rektor ved nærskulen til barnet og rektor ved den skulen det blir søkt til, skal gi ein uttale til søknaden.
4. Om eleven flytter til eit anna opptaksområde i kommunen, skal skuleskifte skje så snart som mogeleg etter flytting. Dersom føresette vil at barnet ikkje skal skifta skule ved flytting til nytt opptaksområde, må det søkjast til kommunen om det.
5. Dersom ein av dei føresette flyttar til eit anna opptaksområde i kommunen, skal barnet gå på skule i det opptaksområdet der det er folkeregistrert.
6. Ved handsaming av søknader om skulebyte, skal det leggjast vekt på tilhøve som nærleik til skule, kva skule barnet har søsken ved, forhold ved skulevegen eller andre individuelle tilhøve som gjeld eleven det blir søkt om skulebyte for. I handsaminga må det leggjast vekt på kapasiteten ved dei aktuelle skulane slik at klassane, basisgruppene og gruppene ikkje blir større enn det som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg.
7. Ved skulebyte til annan skule enn nærskulen er det eit vilkår at føresette skal dekkja eventuelle utgifter til skyss. Vilkåret skal gå fram av vedtaket. Dersom skulebyte er eit tiltak for å sikra retten til opplæring, skal føringar gitt av sentrale myndigheiter, gjelda.
8. Tilhøve knyta til det psykososiale miljøet skal først og fremst handsamast etter opplæringslova § 9-a. Om mange tiltak har vore sett inn utan at tilhøva har endra seg, kan det bli aktuelt å handsama saka etter opplæringslova § 8-1 etter føringar som sentrale myndigheiter har gitt. (gjeld både skulebyte og avklaring om skyss)
9. Ei avgjerd om at ein elev skal få skulebyte eller ikkje, er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Avgjerda skal såleis grunnjevast, og vedtaket utløyser klagerett.
10. Retningslinjene skal til ei kvar tid vera tilgjengelege på heimesidene til skulane og kommunen.

Vedtekne i Sveio kommunestyre:14.3.2016